

Kunnskapsdepartementet  
Postboks 8119 Dep  
0032 OSLO

**Dykkar ref:** **Vår ref:** **Sakshandamar:** **Dato:**  
2016/3028 - 21275/2016 Pål Iden 94839190 20.10.2016

## **Høyring - Nasjonale retningsliner for open tilgang til forskingsresultat - Høyringsuttale fra Helse Vest RHF**

Vi viser til høyringsbrev fra Kunnskapsdepartementet 5. juli 2016 med invitasjon til å gje innspel på dei føreslårte nasjonale retningslinene for open tilgang til forskingsresultat.

Helse Vest har gjennomført ein eigen høyringsrunde blant helseføretaka i regionen, og har mottatt innspel frå Haukeland universitetssjukehus, Helse Fonna og Stavanger universitetssjukehus. Punkta under summerer opp nokre av hovudmomenta i innspela vi har fått. Dei fullstendige høyringssvara frå helseføretaka finst som vedlegg til dette brevet, og vi tilrår at desse blir lese i sin heilskap.

Helse Vest og helseføretaka i regionen er positive til målsettinga i rapporten om at norsk offentleg finansiert forsking skal vere opent tilgjengeleg. Samstundes meiner vi at nokre problemstillingar bør utgreiast nærmare før det blir gjort vedtak om nasjonale retningslinjer. Dette gjeld særleg:

- Det blir peikt på at innføring av insentiv for å velje Open access ikkje vil harmonere med at forskrarar skal velje tidsskrift etter faglege kriterium. Med dei store endringane som publikasjonsindikatorene nyleg har gjennomgått vert det ikkje tilrådd å gjere ytterlegare endringar på noverande tidspunkt. Sjå høyringssvar frå Helse Fonna og Haukeland universitetssjukehus for nærmare omtale av dette.
- Impactfaktor er eit viktig element i vurderinga av kvalitet på forsking, og i tillegg som evalueringskriterium ved tilsetjingar. Det er vanskeleg å endre dei noverande systema utan ei breiare konsekvensutgreiing av desse tilhøva. Mellom anna vil det kunne slå negativt ut for norske forskrarar å publisere i Open access-tidsskrift før alle norske forskingsinstitusjonar har signert DORA-erklæringa.

- Ein modell med hybrid open tilgang forhandla fram på nasjonalt nivå (offset-avtalar) vil sikre at alle norske publikasjonar er opent tilgjengelege utan kostnadar og rapporteringsbelastingar for den einskilde institusjonen. Dette er ei løysing som spesielt Haukeland universitetssjukehus legg vekt på i sitt høyringsinnspel. Alternativt ved innføring av gull variant av open tilgang blir det peikt på behovet for finansielle ordningar.
- Det blir uttrykt støtte til å etablere eit felles nasjonalt vitenarkiv (gitt val av modell), men funksjonskrava for eit slikt vitenarkiv bør utgreiast nærmare, og gjerne med kopling mot nasjonale og internasjonale publiseringssdatabasar. I helseføretaka blir den pasientnære forskinga utført av nøkkelpersonell i klinisk verksemd. Det er avgjerande at systema ikkje fører til auka rapporteringsbelasting for denne gruppa.

Rapporten er også lagt fram til diskusjon på møte i Det regionale samarbeidsorganet mellom Helse Vest, Universitetet i Bergen og Universitetet i Stavanger 28. september d.å. I tillegg til det som kom fram i høyringssvara blei det på dette møtet mellom anna trekt fram at samarbeidsorganet er positive til prinsippa i rapporten, men ser at det både vil vere komplisert og kostbart å finne løysingar lokalt/regionalt i ein overgangsperiode. Samarbeidsorganet var samde i at kostnadene til publisering med Open access på sikt bør inn i søknadar om forskingsmidlar, på line med andre driftskostnadane i prosjekta. Samarbeidsorganet diskuterte også om det skal etablerast regionale retningslinjer for Open access, men ønskjer å vente på vidare oppfølging nasjonalt før det eventuelt blir sett i gong eit arbeid på dette området. Når det gjeld etablering av vitenarkiv støttar samarbeidsorganet at dette vert løyst på nasjonalt nivå.

Helse Vest takkar for høve til å gje innspel på dei føreslalte nasjonale retningslinene, og ser fram til det vidare arbeidet med open tilgang til forskingsresultat.

Vennleg helsing

Pål Iden  
Assisterande fagdirektør

Dokumentet er elektronisk godkjent og treng ikkje signatur